

Lindås kommune
Byggjesak
Kvernhusmyra 20
5914 ISDALSTØ

Vår referanse: 0816-B02_2
Bergen, 17.11 2016

LINDÅS KOMMUNE – EINING FOR TEKNISK DRIFT. VASSLEIDNING KLEIVDAL-FAMMESTAD. GNR. 206 BNR.1 M.FL. SØKNAD OM RAMMELØYVE.

På vegne av Lindås kommune – Eining for teknisk drift søker vi med dette om rammeløyve til å bygge vassleidning mellom Kleivdal og Fammestad.

Lindås kommune skal byggje ny hovudvassleidning til Kløvheim. Leidning er i dag lagt fram til Storevatnet ved Kleivdal og Hegernesvatnet ved Fammestad. Prosjektet vil omfatte ny røyrleidning gjennom Storavatnet, Mørketjørna, Tveitavatnet og Hegernesvatnet. Ved Søreidet (vegkryss Vassbygdvegen/Høylandsvegen) trekkast vassleidning gjennom borehol i fjell frå Storavatnet til Høylandsvegen. Vidare kryssar leidningen Fv 389 Høylandsvegen og følgjer skogsveg og terreng fram til Mørketjørna. Mellom Mørketjørna og Tveitavatnet vil vassleidning bli lagt i grøft langs kanal.

Spørsmål til søknaden kan rettes til underteikna (tlf. 55 59 82 64/e-post thor-henrik@haugen-vva.no) eller Eining for teknisk drift v/Atle Dingen (tlf. 56 37 56 85).

Innan utløp av frist for merknad til nabovarsel har vi ikkje mottatt merknader.

Vi vonar om ein positiv sakshandsaming.

Med venleg helsing



Thor-Henrik Fredriksen

Vedlegg:

Søknad om rammeløyve

Teikn.nr.

- 600 – Plan vannledning (M=1:5000)
- 601 – Plan vannledning Kleivdal, Søreidet, Mørketjørna og Fammestad (M=1:1000)
- 602 – Ledningsplan og profil vannledning, kum V1-V2 og stikkledning (M=1:500/100)
- 610 – Detalj ledningsgrøft (M=1:20)
- 620 – Plan og snitt vannkum V1 og V2 (M=1:20)

Kopi av brev og vedlegg:

Lindås kommune, Teknisk drift v/Atle Dingen